

Arkiv: FE-034
JournalpostID: <jpID> 20/32395
Saksbehandlar:
Dato: 02.06.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
068/20	Alver formannskap	11.06.2020
	Alver kommunestyre	

Sommarfullmakt ordførar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt).
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynne i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referat sak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Alver formannskap 11.06.2020:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FO- 068/20 Vedtak:

- Med heimel i kommunelova § 6-1 gjev kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og ikkje er av prinsipiell betydning i kommunestyret sin sommarferie (sommarfullmakt).
- Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynne i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde.
- Ordførar skal etter ferien gje tilbakemelding i referat sak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Kommunestyret og dei politiske utvala går inn i sommarferie og det er ikkje politiske møter før i september 2020. For å sikre at kommunen kan halde seg innan lovpålagte fristar i diverse forvaltingssaker og følgje opp saker som hastar, opnar kommunelova for å gje ordførar mynde til å gjera vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning jf. kommunelova § 6-1. Dette kallar ein gjerne ei sommarfullmakt til ordførar.

Ei sommarfullmakt til ordførar er avgrensa til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde til ordførar. I første møte etter ferien skal ordførar gje tilbakemelding i referatsak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.

Vurdering:

For å sikre at forvaltninga kan arbeide på ein god måte i sommarferien, rår rådmannen til at kommunestyret ordførar (eller varaordførar i ordførar sitt fråver) får delegert mynde til å ta avgjerd i saker som haster og ikkje er av prinsipiell betydning (sommarfullmakt). Dersom saka gjeld eit ansvarsområde eit anna utval har vedtaksmynde i, vil dette utvalet sin sommarferie avgrense delegert mynde. Ordførar skal etter sommarferien gje tilbakemelding i referat sak om bruk av fullmakt til kommunestyret eller det utval som har avgjerdsmynde.